



Årsmelding for 2013

Årsmøte

onsdag 2. april 2014 kl. 19.30 i Hjelme kyrkje

Vigsling av den nye kyrkjegarden i Hjelme onsdag 2. april 2014 kl. 18.00. Oppmøte i Hjelme kyrkje.

Innkalling til årsmøte for kyrkjelydane i Øygarden



Frå leir på Skjergardsheimen Foto: ©ØyNytt Torstein Sandvik

Nokre nøkkeltal frå arbeidet i 2013

- **Gudstenestedeltaking:** 8963 som er 864 fleire enn i 2012.
- **Døypte:** 49 (3 fleire enn i 2012)
- **Nattverdsgjestar:** 2195. + 22 % frå 2012 til 2013.
- **Offer:** I 2013 gjekk nesten alle offer til kyrkjelydsarbeidet. Offera auka med 15 % i høve til 2012. Det kom inn kr 228 446. I direkte gåver kr 46 800.
- **Leir:** 208 deltakarar (på Skjergardsheimen) Det er ikkje kapasitet til fleire.
- **Konfirmantar:** 54
- **Ingen utmelde frå kyrkja. 2 innmelde**

Årsmøteheftet sitt innhald

- Side 2 Øygarden sokneråd si årsmelding
- Side 3 Nøkkeltal frå soknerådskassen
- Side 4 Fellesrådet si årsmelding
- Side 6 Årsrapport frå barne- og ungdomskonsulenten
- Side 8 Aktivitetar og tilbod for born og unge
- Side 9 ØyNytt og andre informasjonskanalar
- Side 10 Årsrapport frå kontor
- Side 11 Årsrapport frå diakonimedarbeidaren
- Side 12 Fokusområde i 2014 og 2015
- Side 13 Soknepresten si årsmelding
- Side 15 Årsrapport frå Gospelteens
- Side 16 Rekneskapstal, ressursar
- Side 17 Statistikkar
- Side 18 Givarteneste, leirarbeidet

Program og sakliste for årsmøtet kl. 19.30

- Val av møteleiar
- Val av to personar til å underskriva møteprotokollen
- Innlegg ved
 - Kyrkjeverje
 - Barne- og ungdomskonsulenten
 - Kantor
 - Diakonimedarbeidaren
 - Soknepresten
- Samtale om arbeidet

Kyrkjelydsmøte

- Godkjenning av bruk av ny salmebok "Norsk salmebok 2013"

Kl. 18.00 Vigsling av ny kyrkjegard i Hjelme
Oppmøte i Hjelme kyrkje

Velkomen til vigsling av kyrkegard og årsmøte!

www.kyrkja.net

1. Øygarden sokneråd si årsmelding for 2013 ved Erling Vik, leiar

Soknerådet sine faste medlemmer

Erling Vik leiar
Råmund Skjold, nestleiar
Bjørge Fjeldstad
Astrid Nautnes Rustad
Øyvind Solsvik
Jakob Blom
Svenn Martinsen/Espen Sigve Tveten



Soknerådet, faste medlemmer og varamedlemmer

F.v. Monica Breivik, Astrid Nautnes Rustad, Bjørge Fjeldstad, Råmund Skjold, Svenn Martinsen, Andreas Kårbø, Ingebjørg Martinussen, Jakob Blom, Erling Vik (leiar) Turid Toft Amenya (faste repr. og vararepr)

Om soknerådet sitt oppdrag

”Soknerådet skal ha si merksemd mot alt som kan gjerast for og vekkja og næra det kristelege arbeidet i soknet, særleg at Guds ord vert rikeleg forkynt” Eit utdrag frå Kyrkjelova § 9. Dette er også soknerådet i Øygarden sitt mål: at Guds ord vert rikeleg forkynt.

Soknerådet har hatt 7 møte i 2013 og handsama 35 saker. Sakene har i hovudsak omhandla arbeidet i soknet, tilsetting av sokneprest, og økonomiske forhold. Vararepresentant 1 og 2 deltek i møta. Soknerådet har delteke på samlingar i prostiet i høve ulike tema.

Ny sokneprest

Svenn Martinsen slutta som prest i Den norske kyrkja i 2013. Han var sokneprest i Øygarden i 11 år og tok avskil med kyrkjelydane i mai. Me takkar Svenn Martinsen så mykje for tenesta i Øygarden.

Espen Sigve Tveten vart tilsett som ny sokneprest i Øygarden og tok til i tenesta i august 2013. Me ynskjer Espen Sigve Tveten velkomen til Øygarden.

Om arbeidet i soknet

For detaljar om arbeidet vert det vist til årsrapportane frå dei ulike tenesteområda og til statistikkar som ligg som vedlegg i årsmøteheftet. Frå 2012 til 2013 er det auke i talet på deltakarar i arrangement som vert ført i gudstenestestatikken. Frå 2011 til 2013 er det ein auke på 1884 deltakarar. Det var 397 fleire som gjekk til nattverd i 2013 enn i 2012.

Samla sett vert det gjort eit godt og omfattande for alle aldersgrupper. Guds ord vert rikeleg forkynt, kyrkja er tilstades i lokalsamfunnet og mange deltek på tilbod i regi av kyrkja og samarbeidspartnarar. Ambisjonen er å vera enno meir tilstades og synleg i Øygarden.

Soknepresten har løfta fram behovet for eit meir målretta arbeid for aldersgruppa 18-40. I 2013 starta arbeidet med ny trusopplæringsplan. Øygarden kyrkjeleg fellesråd er no tildelt trusopplæringsmidlar og arbeidet med planen må innrettast etter det. Planen vert stegvis fasa inn i 2014 og 2015.

Barne- og ungdomskonsulenten og teamet er avgjerande for at ein kan driva eit godt konfirmantarbeid og arbeid mellom born og unge generelt.

Teamet er ein viktig ressurs for kyrkja og for aktivitetar som ein samarbeidar med andre om i kommunen, enten i ei forsamling eller i lag og foreningar.

Diakoniarbeidet skjer innanfor avgrensa økonomiske rammer og i ei 40 % stilling. Eldretreffa i Hjelme kyrkje og på Tednebyggane er ein viktig møteplass og det same gjeld samlingane på Tednebyggane annakvar tirsdag som presten har ansvar for.

Leirane på Skjergardsheimen har mange deltakarar. 208 born og ungdomar frå Øygarden deltok i løpet av 2013. Det er omtrent ikkje kapasitet til fleire deltakarar. Av omsyn til tryggleik og gjennomføringsevne kan ein ikkje ta inn meir enn 50 deltakarar. Det har vore ventelister til nokre leirar. Konfirmantarbeidet er styrka ved at soknepresten aktivt tek del i dette arbeidet.

Elles er medarbeidarane våre med på KRIK, KRIK 18+, Refuel, Skulelaget og Pluss-Klubben på Oen bedehus, Ahava kristeleg ungdomsklubb på Nautnes og bibelgrupper. Det er eit godt samarbeid mellom kyrkja, skulane og barnehagane. Kantor Anne Lise Grøm driv Barnekantoriet som er eit viktig tiltak. Det same gjeld Gospelteens som Olaug Rong og Kate Solsvik har ansvaret for. Kantor driv og Øygardskoret. Opplegget "Vandring gjennom Bibelen" er gjennomført i alle 5. klassane i Øygarden. I 2013 vart det etablert søndagsskule under gudstenestene i Hjelme kyrkje (ved Annlaug Børve og Råmund Skjold).

Ny lokal grunnordning for gudstenesta

Under temaet "Saman for Guds andlet" utarbeida soknerådet i 2012 ny lokal grunnordning for gudstenesta i samsvar med sentrale retningslinjer frå Kyrkerådet. Denne grunnordninga vart gjeldande for gudstenestene i Øygarden frå 2013.

Offer

I 2013 gjorde soknerådet vedtak om at offera skulle gå til kyrkjelydsarbeidet. Resultatet vart at det kom inn meir i offer enn det har gjort tidlegare år. Totalt vart det gitt kr 228 446 i offer i kyrkjene i 2013. Det er 15 % meir enn offera i 2012. I tillegg vart det gitt kr 46 800 i direkte gåver. Kr 150 000 vart overført til fellesråds-kassen. Det vert elles vist til fellesrådet si årsmelding om den økonomiske situasjonen. Til samanlikning kan nemnast at konfirmantane i løpet av ein kveld samla inn kr 98 000 i sin aksjon i 2013.

Oppsummering og takk


Årsmeldinga kan ikkje omtala alle detaljar. Soknerådet viser til årsrapportane som omhandlar dei enkelte tenestene. Oppsummert må me kunna seia at det vert drive eit omfattande arbeid i regi av kyrkja i Øygarden. Dei økonomiske rammene til fellesrådet har vorte trongare og det gjer handlingsrommet noko mindre. Det er likevel grunn til å vera optimistisk med tanken på framtida, ikkje minst sett i lys av at Øygarden no får trusopplæringsmidlar og har ein velfungerande kyrkjestab.

Ei stor takk til alle frivillige som ligg ned eit omfattande dugnadsarbeid og stiller opp til ulike oppgåver og i ulike samanhenger kvar veke. Di teneste er viktig og me har plass til fleire frivillige, så berre meld deg til teneste. Frivillige medarbeidarar vert eit fokusområde i 2014 og 2015.

Lat oss også minnast Jesus sine egne ord i Joh. 14, 6.bi

Jesus seier; "Eg er vegen sanninga og livet Ingen kjem til Far utan gjennom meg."

Søylene viser framføre til gudstenestene og nattverdsdeltaking, frå 2006 til 2013 i heile tusen.



Nøkkeltal frå soknerådskassen	2012	2013
Kyrkjeoffer	199162	228446
- Av dette til arbeid i kyrkjelyden	45384	213459
- Av dette overført til andre	153778	14987
Givarteneste/gåver utanom offer	0	46800
Overført til fellesråds-kassen	50000	150000
Beholdning pr. 31.12.		103944

2. Øygarden kyrkjelege fellestråd si årsmelding for 2013

ved Erling Vik, leiar i Fellestrådet og Olav Martin Vik, kyrkjevevje

Fellestrådet sine faste medlemmer (samansett som soknerådet)

Erling Vik, leiar. Råmund Skjold, nestleiar. Bjørg Fjeldstad, Astrid Nautnes Rustad, Øyvind Solsvik, Jakob Blom, Trygve J. Hellesøy, representant for kommunen. Svenn Martinsen, tom mai 2013. Espen Sigve Tveten, frå august 2013. Kyrkjevevja er sekretær for rådet.

Om fellestrådet og 2013

Fellestrådet sitt ansvar omfattar administrative og økonomiske oppåver, personalet, mål og planar for den kyrkjelege verksemda og ta hand om interessene til kyrkja i høve til kommunen.

Fellestrådet har i 2013 hatt 4 møte og handsama 38saker som gjeld økonomi, personale, vedlikehald, drift av bygningar og kyrkjegardar m.a. utviding av kyrkjegarden i Hjelme. Fellestrådet har gitt uttale til "Det livssynsårpe samfunn" NOU 2013. Kyrkjevevja førebur alle saker til rådet.

Årsverk

Øygarden kyrkjelege fellestråd har personalansvar for 5,20 årsverk. Leigd arbeidskraft utgjer 1,3 årsverk. Stillinga som barne- og ungdomskonsulent er frå 1.8.2014 omgjort til ei fast 100 % stilling.

Sjukefråvær

Det er ikkje registrert meldepliktig sjukefråvær i 2013.

Samarbeids med Nordhordland Indremisjon og Norsk Luthersk Misjonssamband.

Barne- og ungdomskonsulent Hogne Berland, leigd frå Nordhordland Indremisjon.
Team 3 våren 2013 og 4 hausten 2013, leigd frå NLM.
Samarbeidet med Nordhordland Indremisjon og Norsk Luthersk Misjonssamband er godt.

Økonomi

Økonomien er i hovudsak basert på overføringar frå kommunen. 2012 vart gjort opp med eit meirforbruk på kr 549.551,00. Meirforbruket måtte dekkast ved bruk av fond og resten fordelast på drifta for 2014 og 2015. Fellestrådet sette i verk ulike tiltak, etter tilråding frå kyrkjevevja, for å få økonomien under kontroll. Øygarden kommunestyre vedtok ei ekstra løyving på kr 320 000 til fellestrådet, for 2013. Det var flott! Det vart overført kr 150 000 frå soknerådskassen. Dette, saman med ulike sparetiltak gjorde at rekneskapet for 2013 viser eit overskot på kr. 297.205. **Meirforbruket frå 2012 (resten) på kr 164.375 er gjort opp og resten av overskotet er sett på fond.** Det er viktig å merka seg at husleiga for kontorlokala ikkje er avklara med kommunen.

Under er ei oversikt over nokre av inntektene og utgiftene. Fleire detaljar finn ein bak i årsmeldinga.

Inntekter (R= Rekneskap B = Budsjett)

Tekst	R 2012	B 2013	R 2013
Overføring frå kommunen	4.300.000	4.300.000	4.710.000
Sjukelønsrefusjon	0	20.000	0
Renteinntekter	53.000	0	53.407
Festeavgifter	61.800	60.000	54.000
Annonseinntekter ØyNytt	43.000	46.000	30.000
Kontingent for ØyNytt	71.400	71.000	81.500
Overføring frå soknerådet		35.000	150.000

Kommunestyret gjorde vedtak om ekstra løyving for 2013.

Utgifter (R= Rekneskap B = Budsjett)

Tekst	R 2011	R 2012	R 2013	Note om løn
Løn og sosiale utgifter	3.180.000	3.367.000	3.112.000	Tariffoppgjøret i 2013 utgjorde ein auke i 2013 på kr 24 000 samla, for tilsette i ØKF.
- Fastløna samla sett utgjær	2.294.000	2.297.000	2.280.000	
- Pensjonen utgjær	237.000	452.000	350.000	Kyrkjeverja si løn vert regulert lokalt og er ikkje endra sidan nov. 2010.
- Ingen nye stillingar.				
Kjøp av varer og tenester	2.651.000	1.935.000	1.837.000	
- Alt av utstyr, vedlikehald, drift				
- Barne og ungdomskons. utgjær		432.000	432.000	ØKF: Øygarden kyrkjelege fellesråd som har arbeidsgjevaransvar for alle tilsette i kyrkja lokalt.
- Teamet utgjær		330.000	330.000	

1. Lønnskostnaden er redusert frå 2011 til 2013 med kr 68.000 og frå 2012 til 2013 med kr 255 000.
2. Pensjonskostnaden er redusert frå 2012 til 2013 med kr 102 000
3. Kyrkjelege råd tek ikkje ut møtegodtgjersle.

Vedlikehald på bygg og anlegg

Det vert berre gjennomført naudsynt og akutt vedlikehald på kyrkjene og kyrkjegardane. Vedlikehaldsbudsjettet er overskride med kr 67 000. Budsjettet var på kr 20 000. Skifte av éi takpanne på Hjelme kyrkje kosta t.d. nærare kr 10 000. Kyrkjegardane er velstelte.

Orgelet i Hjelme er ikkje reparert. Heile arbeidet er kostnadsrekna til ca. kr. 70.000,00. Det er ikkje pengar til å få utført dette arbeidet. Kommunen har ikkje funne rom for å løyva pengar til dette. Det same gjeld fornying av IKT-utstyr og programvare ved kyrkjekontoret som er utgått på dato.

Festeavgifter, nye vedtekter, prosedyrar

Fellessrådet har tilrådd auke i festeavgiftene. Dette har kommunestyret i Øygarden gitt sin tilslutning til. Festeavgiftene er auka frå kr 100 til kr 300 pr. år. Det r utarbeida nye vedtekter for gravplassane i Øygarden og det er utarbeida nytt økonomireglement for fellessrådet. Fellessrådet har godkjent prosedyre for "Førebygging og tiltak i høve grenseoverskridande åtfærd".

Diakoniarbeidet

Det er behov for diakonalt arbeid. Diakonalt arbeid er heng nøye saman med alt anna arbeid kyrkja driv og er eit viktig tenesteområde. Fellessrådet har i fleire år søkt kommunen om midlar slik at stillinga kan auka frå 40 til 60 %. Det er ikkje løyvd pengar til dette.

Gravferder

2013 vart eit år med færre gravferder enn i 2012. Det vart gjennomført totalt 28 jordpåkastingar.

Ny kyrkjegard i Hjelme

Den nye kyrkjegarden i Hjelme er ferdig opparbeida. Øygarden kommune har hatt prosjektansvaret for fellessrådet. Gravplassen vert vigsla 2. april 2014.

ØyNytt og andre informasjonskanalar

ØyNytt kom ut med 5 nummer i 2013. Kyrkjeverja er redaktør. Redaksjonen arbeider aktivt for å gjera bladet interessant for lesarane og nyttig for kyrkja sitt arbeid. Bladet er etterspurt og vert lest av mange. Det var auke i kontingentinnbetaling i 2013. I 2014 er ØyNytt 40 år og kjem ut med 6 nummer. Heimesida og Facebook vert nytta som informasjonskanalar.

Tilhøvet til kommunen

Det var fleire møter mellom fellessrådet og Øygarden kommune i 2013, som følgje av den økonomiske situasjonen for fellessrådet. Målet er å få ein avtale mellom partane som regulerer m.a. husleiga for kyrkjekontoret. Det er ein dialog med kommunen om dette.

Takk

Fellessrådet takkar staben i kyrkja, kommunen, alle samarbeidspartnarar, organisasjonar og frivillige medhjelparar for godt samarbeid og god innsats i 2013 og i vårt felles mål: Å byggja Guds kyrkje i Øygarden!

3. Årsrapport for barne- og ungdomskonsulenten 2013

Ved Hogne Berland, barne- og ungdomskonsulent

Kyrkja har framleis leigd barne- og ungdomskonsulent frå Nordhordland Indremisjon. Hogne Berland er tilsett i denne stillinga. Andre tilsette i barne- og ungdomsarbeidet har vore team og andre arbeidrarar frå NLM. Før sommaren var Silje Vik og Ingrid Blom team, medan Therese Dale (tilsett i 60% som i NLM) brukte noko av tida si i Øygarden. I haust fekk vi eit nytt team som skal vera med fram til sommaren 2014. Det er Therese Lervik, Malene Skartveit, Ane Marte Mikalsen og Solbjørg Kvamme. I tillegg har eit stort tal frivillige vore engasjert i kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid, spesielt på leir.

Leirar

Alle born i grunnskulen (1.-10. klasse) har fått tilbod om leir også dette året. Leirane er som vanleg populære. Over 200 born var på leir i løpet av året. Leirane utgjer ein stor del av trusopplæringsarbeidet til kyrkja. Det er også svært viktig for relasjonsbygginga med borna og ungdommane i kommunen. Vi får mange gode samtalar med deltakarane i løpet av ei helg og trur dei får med seg mykje frå Bibelen. Det er framleis ei utfordring å få vaksne leiarar, men vi opplever at ungdommar frå ungdomsskulen står i kø for å vera leiarar. Vi jobbar for å få følgd desse leiarane godt opp og ønskjer å satsa meir på leirleiar kurs og anna leiartrening framover. Takk til alle frivillige som stiller opp i arbeidet på leir!

Bibelgrupper

Frå hausten var det to guttebibelgrupper aktive som Hogne er leiar for. Etter konfirmantleiren starta det opp tre nye. To jentegrupper som teamet har ansvar for og ei guttegruppe som Arvid Vik har ansvar for. I tillegg har vi starta ei bibelgruppe for unge vaksne mellom 19 og 30 år. Vi opplever bibelgruppearbeidet som veldig verdifullt og spennande.

Lagsbesøk

Teamet har som mål å besøke alle laga i Øygarden to gongar kvart semester og alle søndagsskulane ein gong. Dette har vorte gjennomført så langt det lar seg gjere. Dei har vore innoom Yngres, Gutten og Jenteforeninga på Vik, Blink på Blom og søndagsskular. I tillegg er dei med ein gong i månaden på AHAVA på Nautnes. Hogne har også vore på nokre lagsbesøk til Jenteforeninga, Yngres og Søndagsringen på Rong.

Utdelingar og utsending av materiale

Som eit ledd i trusopplæringsarbeidet får borna i kommunen ei gåve frå kyrkja kvart år. I kyrkja har vi i haust hatt utdelingar av bøker til 4-åringane. I nord har 5-åringane fått barnebibel i kyrkja, medan desse har vorte delt ut på søndagsskulane i sør. 5. klasse fekk Bibel i kyrkja. Når det er utdeling i kyrkja eller på bedehus får familiane spesiell invitasjon i posten på førehand. Elles vart gåvene sendt i posten i form av cdar, bøker og anna. Det kan verka som oppslutninga om dei spesielle utdelingane går litt ned frå år til år.

Dåpsskule

I februar og mars vart dåpsskulen gjennomført. Dette er eit tilbod for 6-åringane som skal begynne på skulen til hausten. Hogne og Solveig Rob frå NLM har ansvar for dei fire samlingane og eit innslag på den avsluttande gudstenesta. Ei samling består av ein saft og kjeks, ei kort andakt, litt song og ein hobbyaktivitet. 10 born deltok i år.

Konfirmantarbeid

Denne hausten er det 57 av 66 9. klassingar som har meldt seg på konfirmantopplegget, dvs 86 % av kullet. I tillegg er to eritrearar som går i 10. klasse og 1. klasse meldt opp som konfirmantar i år. Konfirmantane er fordelt på tre grupper. November var ein aktiv månad for konfirmantane då dei både arrangerte innsamlingsaksjon til KRIK og var på konfirmantleir. Aksjonen vart gjennomført som eit KRIK-løp der dei skaffa sponsorar som sponsa med eit eingongsbeløp eller per runde. Engasjementet vi såg då, er det sjelden vi ser. På 30 minutt sprang konfirmantane inn over 90 000 kroner. Dei fleste

konfirmantane var med på konfirmantleiren . Leiren var ei flott oppleving med godt miljø i gruppa og konfirmantar som var åpne for samtaler og interesserte i å lære meir om trua. Ver med i bøn for konfirmantane!

KRIK

KRIK samlast på Toftøy gamle skule kvar fredag frå 19-21. Det samlar mellom 10 og 30 ungdommar. Anne Kristin Blom hadde hovudansvaret fram til sommaren. Frå hausten har det vorte drive av eit styre i samarbeid med teamet og Hogne. Her trengs det nok ein vaksenleiar eller fleire framover som kan ha hovudansvar.

Ungdomsklubb

Ungdomsklubben Ichtys på Vik vart lagt ned til sommaren ned etter sviktande oppslutning. Det var heller ingen lokale leiarar igjen og alt arbeidet vart drive av teamet. INRI-forsamlinga på Rong ønske å starte ny ungdomsklubb på bedehuset på Rong. Vi bestemte oss for å heller bruke ressursane våre på å bidra i dette arbeidet. Ungdomsklubben REFUEL vart starta opp på hausten og har hatt jamn oppslutning på 40-50 deltakarar kvar samling. Klubben har heilt klart gitt ein ny giv til ungdomsarbeidet. Det er spesielt flott å sjå mange nye ungdommar som tar ansvar og bidrar i drifta av klubben. Og ikkje minst sjå at fleire av dei har eit ønske om at fleire skal koma til tru.

Skulelaget

Skulelaget samlast framleis i lunsjen kvar torsdag på ungdomsskulen til andakt og leik. Oppmøtet har vore på mellom 20 og 50. Styret på 8 elevar er flinke og tek ansvar. I tillegg er teamet med stort sett kvar gong og bidrar med andakt.

Pluss-klubben

Denne klubben er innmeldt i Nordhordland Indremisjon og er eit samarbeid mellom kyrkja og lokale krefter på Oen bedehus (hovudsakleg Linn Andersen). Både teamet og Hogne har delteke her. Klubben samlar mellom 30 og 50 born mellom 5.-8. klasse ein onsdag i månaden. Her ser ein også mange som ikkje deltek på andre kristne aktivitetar og klubben samlar born frå heile Øygarden.

Samarbeid med skule og barnehage

- Harald Breistein (regionleiar i NLM Vest) har også i år (november) vore i 5. klassane i kommunen med opplegget "Vandring gjennom Bibelen" på oppdrag frå kyrkja. På to dobbeltimar får 5. klassingane reise gjennom heile Bibelen ved hjelp av hugseord og bevegelsar. Opplegget vart svært godt mottatt av både elevar og lærarar.
- Skulane og barnehagane samarbeider med prest, kantor og Hogne om gjennomføringa av julegudstenestene.
- Teamet og Hogne har samarbeida med barnehagane om gjennomføring av påskevandring.
- I oktober har 1. og 2. klasse på alle skulane vore på besøk i kyrkja som ein del av "den kulturelle skulesekken" i kommunen. Dei er her ein time kvar og får sjå seg litt rundt i kyrkja, prøve kyrkjeklokker og orgel, sjå på prestekler og lære om symbolbruk i kyrkja.
- 6. klassane er også på besøk i forbindelse med den kulturelle skulesekken. Dei har eit lengre opplegg der dei lærar om kyrkja si historie og kristne symbol. På slutten får dei måle glasmåleri som vert stilt ut på biblioteket i adventstida. Tilbakemeldingane her har vore gode og alle elevane er veldig engasjert i dette opplegget.



Bøneemner

- Vegen vidare for konfirmantane.
- Den nye ungdomsklubben Refuel.
- Arbeidet med den nye trusopplæringsplanen.
- Frivillige og ansatte i barne- og ungdomsarbeidet.
- At fleire born og unge må begynne å følgje Jesus.

4. Aktivitetar og tilbod for born og unge og Øy gardskoret

- Eigne aktivitetar og i samarbeid med andre, gjennomsnitt pr. gong.

Aktivitet og fram møte	Når	Tal deltakarar
KRIK for 8 klasse og oppover	Kvar fredag	20-40
KRIK 18+	Annankvar tysdag	10-15
Barnekantoriet, kor born 2.-7. klasse Fordelt på to grupper	Fredag og tysdag	25
Pluss-klubben, 5.-8. klasse	Ein onsdag i mnd	30-40
Skulelaget, 8.-10. klasse	Kvar torsdag	20-40
Ungdomsklubben Refuel, 8 klasse +	Annankvar laurdag	40-50
Ahava kristelege ungdomsklubb, 5.-10. klasse	Ein fredag i mnd	10-30
Øy gardskoret, vaksenkor	Kvar tysdag	12
Gospelteens, kor for born og unge Flest i aldersgruppa 10-13 år.	Annankvar tysdag	30
Leirane i 2013, <u>total deltaking</u>	Gjennom året	208

Rekneskapstal for leirar og konfirmantarbeid

(R= Rekneskap B=Budsjett)

Inntekter	R 2011	R 2012	B 2013	R 2013	
Betaling frå deltakarar	99.750	154.804	156.000	150.500	
Diverse inntekter	2.496	10.000	11.000	900	
Tilskot frå soknerådet	0	50.000	35.000	150.000	1
Sum inntekter	102.246	214.800	202.000	301.400	

1. Overføring frå soknerådet som tilskot til Teamet.

Utgifter	R 2011	R 2012	B 2013	R 2013
Husleige leirstad	142.515	160.800	161.000	142.656
Utgifter til mat m.m.	11.945	38.000	8.000	12.800
Diverse forbruksmateriell Kontingentar	23.000	16.000	25.000	25.800
Sum utgifter	177.460	214.000	194.000	181.100



Frå ein leir på Skjergardsheimen

5. ØyNytt, nettsida (heimesida) og Facebook

ved Olav Martin Vik, ansvarleg redaktør



kyrkjajoygarden

ØyNytt kom ut med 5 nummer i 2013. I 2014 er bladet 40 år.

Bladet er ein viktig informasjonskanal for kyrkja i Øygarden sitt arbeid.

ØyNytt skal formidla evangeliet, aktuell informasjon frå arbeidet og tilbod og aktivitetar som kjem. Målet for redaksjonen er heile tida å gjera bladet interessant og lesbart for folk. Alt redaksjonelt arbeid vert gjort av staben. Det er krevjande men interessant å laga gode artiklar og setja bladet saman.

Me ynskjer og å løfta fram det frivillige kristne arbeidet i Øygarden og forsamlingsarbeidet., i bladet. Bladet hadde fleire artiklar om dette i 2013.

I 2014 vil bladet sin lay-out bli fornya.

På grunn av auka kostnadar med trykking og distribusjon kom bladet ut med 5 nummer i 2013. Eit nummer kostar ca. kr. 22.500,00 å trykka og distribuera. I 2014 kjem bladet ut med 6 nummer.

Nettsida www.kyrkja.net

Nettsida til kyrkja i Øygarden er til ei kvar tid oppdatert men lay-out/profil vert gjort om i løpet av 2014. Nettsida vart oppdatert med aktuell informasjon både om gudstenester, anna arbeid i regi av kyrkja og aktuelle nyhende.

Facebook (kyrkjajoygarden)

Soknerådet har gjort eit vedtak om at ein kan ta i bruk Facebook for å nå ut med aktuell informasjon. I løpet av 2013 tok ein i bruk denne kanalen som formidlar av punktvis informasjon, som t.d. gudstenester og nyhende.

Rekneskapstal for ØyNytt (R= Rekneskap B = Budsjett)

Inntekter	R 2011	R 2012	B 2013	R 2013
Annonсар	43.500	43.000	46.000	30.000
Kontingent	69.500	71.400	71.000	81.000
Sum inntekter	113.000	114.400	117.000	111.000

Utgifter	R 2011	R 2012	B 2013	R 2013
Trykking	87.590	95.462	85.000	81.400
Distribusjon/porto	28.530	39.772	30.000	33.100
Sum utgifter	116.120	135.234	115.000	114.500
Underskot/overskot	-3.120	-20.834	+2.000	-3.500

I 2013 kom ØyNytt ut med 5 nummer. Dette medførte reduserte annonseinntekter

ØyNytt er 40 år . 1974 – 2014



6. Kantor sin årsrapport for 2013

ved kantor Anne Lise Grøm



Øygardskoret

Dei faste tenestene

- Gudstenester og gravferd / bryllup.
- Korarbeid: Øygarden barnekantori og Øygardskoret.
- Planleggingsmøte med dei tilsette.
- Konfirmantarbeid: innøving av liturgi og salmesong.
- Samarbeid kyrkje/ barnehage/ skule
- Konsertar.
- Ansvar for deltaking av kor, korps, solistar, gruppe til gudstenester/ konsertar.
- Omsorgsenteret saman med presten annankvar tysdag.
- Eigenøving. 20 % av arbeidstida skal gå til øving på orgel *utanom øving til gudst/ kyrkj. handl*
- Administrasjon: Største delen av arbeidstida går til førebuing, tilrettelegging, øving og gjennomføring av desse oppgåvene.

Andre oppgåver

Den kulturelle skulesekken med 2. klassane på besøk i kyrkjene med m.a. innlagt "galleribesøk" der elevane både får sjå inni orgelet og spela på orgelet.

Akkompagnering av elevar i kulturskulen ved enkelte arrangement.

Pensjonistlag, eldretreff, andre lag og aktørar som eg akkompagnerer ein gong i mellom.

Speling ved nokre besøk i kyrkjene.

Konsertar i kyrkjene

Torsdag 14. mars	Blomvåg	Påskekonsert med Blomvåg skule
Onsdag 20. mars	Hjelme	Konsert med Sigvart Dagsland. Øygarden kommune
Søndag 22. mars	Blomvåg	Konsert med Synnøve og Vegard Voldsund
Søndag 14. april	Blomvåg	Konsert med Gospelteens
Onsdag 13. nov	Blomvåg	Konsert med Edgard Paulsen
Torsdag 12. des	Blomvåg	Rong brass
Søndag 15. des	Hjelme.	"Vi syng jula inn" Barnekantoret, Øygardskoret og ei gruppe frå Rong brass
Søndag 15. des.	Blomvåg	"Vi syng jula inn" Lyskastaren og Rong/Toftøy skulekorps

Korarbeidet:

Barnekantoret har to korgrupper og tilsaman var det rundt 25 medlemmer. Dei vart delte i to frå hausten 2010: Alvheim skule for 2.-4. trinn fredag i SFO-tida og i Hjelme kyrkje for 5.-7. trinn tysdag rett etter skulen. Vi syng på gudstenester og konsertar i kyrkja, på omsorgsenteret 2 gonger i året, Syng med oss som Øygardskoret arrangerer og anna oppdrag. Vi er medlem i Ung Kyrkjesong som arrangerte kortreff ei helg i april til Sætervika. Ved desse høva plar me å syngja åleine og i felleskoret. Alvheimgruppa fungerer som aspirantkor og syng mykje omkvad og mindre tekst, mens Hjelmegruppa syng diskantar/ altstemme og meir tekst. Dei har meir krevjande oppgåver og inspirerer og hjelper dei mindre til å yta meir når dei syng saman, og kan trekkja opp kvaliteten i kraft av sin alder og erfaring. *Barnekorarbeidet er trusopplæring!*

Øygardskoret (11 medlemmer) flytta øvingane til Hjelme kyrkje i 2011. Øvingane er kvar tysdag frå kl.19.30-21.30. Faste oppdrag: song i kyrkjene på gudstenester og konsertar og (på det årlege mållagsarrangementet på Kystmuseet – ikkje dette året) og på omsorgsenteret og "Syng med oss" på Kystmuseet.

7. Diakonimedarbeidaren sin årsrapport for 2013

ved diakonimedarbeidar Bjørg Blom



Frå eldreturen i 2013

Eit nytt år ligg bak, og det er tid for eit tilbakeblikk.

Besøkstenesta

vert drive som før. Ved årsskiftet er det ca 18 namn på lista vår, som me har kontakt med. Nokre får regelmessige besøk, og andre berre sporadisk kontakt, v/ tlf. eller eit besøk. Framleis har me 4-5 frivillige i denne tenesta. I løpet av siste året er det og nokre som har gått bort av konfidentane våre. Det har og vore samarbeid med Haraldsplass og besøksformidlinga der, ved eit par tilfelle, der Øygingardingar kjem heim frå sjukehus, og ynskjer besøk.

Eldretreffa

går sin gang, både i nord og sør. Fine samlingar, med mange spennande gjestar, til glede og oppmuntring. Dei bidreg med song, andakt, temainnlegg, med meir. Ein flott flokk med frivillige er med og får desse samlingane til! Fellesturen vår i juni var denne gongen til Austevoll. Ein fullsett buss med glade øygingardingar fekk sjå og oppleve kyrkja på Storebø, Kulturbakeriet der, tur til Bakkasundet, og sist men ikkje minst Bekkjarvik Gjestgiveri. Inge Hallsteinsen var ein framifrå guide or forteljar her, til stor glede for alle!

Ellers vil me prøva å få til eit fellesarrangement for året for Hjelme- og Blomvåg sokn.

I mars -13 hadde me eit felles eldretreff, med besøk av Magnhild Dyrdal og Øyvind Sandberg.

Dei viste filmen folk ved fjorden, som dei har laga. Over 70 framømte var samla på Tednebakkane denne dagen.

PDU-(Prostidiakoniutvalget)

Godt samarbeid med diakonane i Fjell, Sund og Askøy. I 2013 hadde me 1 temakveld i november, open for alle, og med tema "Å vandre i sorgens landskap". Framømte var bra, men me skulle gjerne nådd fleire!

Sorggrupper

Her inviterte me og til sorggrupper, som skulle gå utover vinteren. Det vart ikkje starta opp, pga for få påmeldte. Er terskelen for høg, eller når me ikkje ut med informasjonen på ein god måte? Det er spørsmål som me stiller oss i ettertid.

Prep-kurs

Kurset gjekk over 3 kveldar i okt. og nov. Alle nygifte i 2013 fekk skriftleg innbyding. I tillegg info v/ plakatar og V.N. Gode foredragshaldarar gjorde kveldane lærerike og fine for dei 14 para som møtte. I tillegg god mat og stemning.

Inspirasjonssamling

for alle frivillige arbeidarar i barne- og ungdomsarbeidet, i kyrkja og dei frivillige organisasjonane. 1.februar var ein flott flokk samla på Angeltveit bedehus, med interessante tema, god mat og samtale om arbeidet.

Dei frivillige i diakoniarbeidet får og sjansen til "påfyll" av kunnskap og inspirasjon.

Me har vore på Bergen Bydiakoni sine temakveldar, fagdagar på Haraldsplass eller Haukeland sjukehus. Bl.a. v/ Stein Husebø (lege), og Trond Haukedal (psykolog).

Temakveld i Øygarden (open for alle)

på Blom bedehus. Dette vil verta arrangert igjen til høsten –14. I 2013 blei det ikkje noko av. Sjølv var eg på sjelesorgkurs på Sjelesorgsenteret v/ Haraldsplass høsten-13. Temaet då var "Godhet og sårbarhet- eit verdiperspektiv i møte med meg selv og mine medmennesker."

Integrering

av dei med funksjonshemming: Dette arbeidet har fungert veldig bra så langt.

I jan.-feb. –13 hadde me "Bli kjent i kyrkja-kurs" med 6-7 stk. 4 samlingar i kyrkja, der Svenn og underteikna var med, samt støttekontaktar og fl. Dei fekk læra om Altertavla, kyrkjelogo, lysgloben, Dåpen, Nattverden, og fargane som brukast i kyrkja.

Og kvar gong øvde dei på å koma inn i prosisjon. Samlingane avslutta me med kaffi, saft og litt mat. Verkeleg triveleg! Det var og utdeling av diplom til dei som hadde vore med. Den 10. mars var alle desse med på gudsteneste, til glede både for dei og kyrkjelyden!

Dessutan ville dei vera med på avskilsgudstenesta for Svenn! Veldig flott.

Dette arbeidet held fram og i 2014.

Innvandrarane våre

Frå august av, har eg vore med på "Språksprell" på Toftøy skule kvar måndag. Der er innvandrarane samla i grupper, etter skuleslutt, for å øva seg på norsken!

Her er det mange frivillige som er med, og pratar med dei! Me vert kjende med deira land og kultur, og dei med vår! Nokre av desse er interesserte i å koma i kyrkja vår, og vil ha informasjon. Men desse har ikkje bil, så her treng me frivillige som kan vera sjåførar!

Til sist ei helsing frå Herren sjølv: "Gje akt på den tenesta du har fått i Herren, så du fullfører henne!"


8. Nokre av fokusområde i 2014 og 2015 - Den norske kyrkja i Øygarden

- Utarbeiding av ny trusopplæringsplan og innarbeiding av planen. Dette er eit stort og omfattande arbeid.
- Frivillige medarbeidarar (10.3.2014 var **31** unge på leirledarkurs på Skjergardsheimen i regi av kyrkja)
- Innkjøp av ny salmebok

Dette handlar trusopplæringa om:

Plan for trusopplæring i Den norske kyrkja har som føremål å medverke til ei systematisk og samanhangande trusopplæring som

- vekkjer og styrkjer kristen tru
- gir kjennskap til den treeinige Gud
- medverkar til kristen livstolking og livsmeistring
- utfordrar til engasjement og deltaking i kyrkje og samfunnsliv for alle døypte i alderen 0–18 år, uavhengig av funksjonsevne.



9. Årsmelding 2013 frå soknepresten

- i tilbakeblikk for å kunne sjå framover.
Ved sokneprest Espen Sigve Tveten

Kjære vener i Hjelme og Blomvåg sokn.

Dette er mi fyrste årsmelding som sokneprest i Øygarden. Kyrkjelydane takka Svenn Martinsen av for lang og tro teneste i vår. Så vart eg tilsett, og frå og med 1. august har Øygarden vore mitt kall. Eg vil takka for ei varm og hjarteleg velkomst. Eg har møtt barn, ungdom og vaksne i både glede og sorg, og eg er audmjuk overfor tenesta eg er gjeven. Samstundes er eg viss på kyrkja tilhøyrer Gud, og anten man er løna eller uløna arbeider, skal me få lov til å bruka våre evner til Guds ære, så vil og eg gjere.

Eg vil i denne meldinga koma med nokre korte betraktningar:

Tal og statistikk

Når det gjeld statistikk for 2013 viser eg til vedlegga.

Gudstenesta

Gudstenesta er eit fellesprosjekt. På vanlege høgmesser, og på spesielt tilrettelagde familiegudstenester, er det mange uløna medarbeidarar i sving. Hjarteleg takk for denne uvurderlege innsatsen. Ei viktig årsak til auke i talet på menneske til gudsteneste er at de har engasjert dykk i dette arbeidet.

Ei gudsteneste handlar om fellesskap. Eit fellesskap som har tre dimensjonar.

- Det er fellesskapet "opp" mot Gud, der vi får koma til Gud med våre liv og søke hans hjelp og styrke. Det skjer gjennom alle ledda i gudstenesta. I 2013 har me forsøkt å implementere nye ledd frå ny gudstenesteordning, og det byrjar "å sitte" no.
- Det er fellesskapet "inn" mot andre truande. Gode relasjonar og varme fellesskap er viktig. Frå og med i haust har me hatt kyrkjekaffi på alle gudstenester, i håp om at dette vil vere positivt for relasjonen oss i mellom.
- Til sist handlar det om relasjonen "ut" til folk som ikkje har som vane å gå i kyrkja eller ikkje har eit bevisst forhold til kristen tru. Det er eit håp om at det som blir formidla skal vere interessant og forståelig for alle. Slik kan kristen tru vekkast og styrkast i gudstenesta. På alle gudstenester deler me ut ein agenda slik at alle skal vere budd på det som skjer. Gudstenesta har og eit "ut"-fokus medan den skal inspirere og utruste til å leva ut trua si i kvardagen.

Dei tre dimensjonane kan hjelpe oss til å reflektere: Leiar me menneske til fellesskap "opp", "inn" og "ut"? Korleis kan vi styrkje desse perspektiva?

Det er eit ynskje om at barn og ungdom skal finne seg til rette på gudstenesta. Det er ei utfordring. Vi har hatt nokon flotte familiegudstenester på barnas premisser. I Hjelme er det no søndagsskule dei fleste søndagar og det er svært positivt. Det er og ynskjeleg med søndagsskule i Blomvåg på søndagar og, til det trengs friviljug innsats. Det er eit mål at det er noko særskild for barna på alle gudstenester. I Hjelme har eg ei kort opning til barna saman med velkomstorda. I Blomvåg freistar eg å snakke til barna i starten av talen.

Frivillig innsats

Den friviljuge innsatsen er kyrkjens største kapital. Det gjeld anten ein er engasjert i ulike råd, gudstenestearbeid, barne- og ungdomsarbeid, eldrearbeid eller anna. Mange gjer ein solid innsats, samstundes er det tydeleg behov for rekruttering av nye. Eg vonar me skal verta ennå betre på å støtta og oppmuntre, samt å verva fleire nye til innsats. Vår muligheit til å nå vidare ut, vert berre avgrensa i vår evne til å få fleire uløna medarbeidarar med på laget.



Givarteneste

Det er ei gjevarteneste i gang i soknet. Den er viktig. Eg vil sterkt oppmode om å bli med på dette spleiselaget. Viss vi ynskjer at barn og unge skal få ein sunn og god åndelege oppseding, må vi sikra oss at det er eit godt tilbod til barn og unge i kommunen med kristent innhald. Det økonomiske målet som er satt på 120 000,- er svært overkommeleg med felles innsats.

Born - og ungdom


Eg er imponert over det kristen barne - og ungdomsarbeidet i kommunen. Det er mykje godt som skjer både der kyrkja er involvert og hos organisasjonane. Det er gledelig med det samarbeidet som finnest. Det er viktig at eit slikt arbeid har breidde og djupne. Det er ein bevisst på. Mitt inntrykk er at konfirmantarbeidet fungerer godt. Kvar samling blir starta med eit varmt måltid og tid til å snakka saman. Det er flott. Flott er det og at om lag 1/3 av konfirmantane er med i bibelgrupper ut over konfirmantundervisninga. I 2014 skal det lagast ein strategi for trusopplæringa i kyrkja. Det er eit viktig arbeid.

2013 er historie. 2014 ligg føre oss. Kva framtida vil bringe veit ingen. Men me veit Gud og er i framtida, og "Og eg er viss på at han som tok til med si gode gjerning i dykk, skal fullføra henne – heilt til Jesu Kristi dag." (Fil 1,6).

Gudstenestedeltaking 2011-2013 og konfirmantar, vigde, gravferder, nattverd

Type	Kyrkje	2011	2012	2013
Totalt i denne kolumna gjeld 2013				
Døypte	Blomvåg	34	27(31)	34 (29)
Tala i parentes er born tilhøyrande i soknet	Hjelme	17	4(16)	18 (8)
Konfirmantar	Blomvåg	37	40	39
Totalt 54	Hjelme	14	10	15
Vigde	Blomvåg	17	9	11
Totalt 12 vigslar	Hjelme	3	1	1
Gravlagde	Blomvåg	19	38	20
Totalt 28 jordpåkastingar	Hjelme	13	18	8
Gudstenester søn-og helgedagar	Øygarden	62	65	66
Andre gudstenester	Øygarden	17	11	16
Nattverdgdustenester	Øygarden	39	42	44
Gudstenestedeltaking	Blomvåg	4352	4999	5610
	Hjelme	2966	3100	3353
Gudstenestedeltaking gjennomsnitt	Øygarden	92	106	109
Nattverdgjester	Blomvåg	957	948	1448
	Hjelme	550	850	747

Offer og gåver frå 2006 til 2013



10. Årsmelding Gospelteens 2013

ved Kate Solsvik



Gospelteens er eit kor for born og unge i Øygarden Kommune frå 5 klasse og oppover. I 2013 har omlag halvparten av medlemmane vore elevar frå mellomtrinnet og halvparten vore ungdomsskuleelevar. Gjennom 2013 var det 62 stk. som var fast eller tidvis med i koret. I gjennomsnitt har det vore 30 stk. på øvingane våre i løpet av året. Me hadde i 2013 49 betalande medlemmer. Medlemmane kjem frå heile Øygarden, frå Hellesøy i nord til Vik i sør. Dette synest me er kjempeflott, og medlemsauken tek me som eit teikn på at borna/ungdomane trivest, og at dei har funne eit miljø dei trivest i.

Gospelteens har øvingar annankvar tysdag i Blomvåg kyrkje frå kl. 17.30 til 19.30. Me startar alle øvingane med andakt og bøn, og øvingane vert avslutta med kveldsmat, og ei sosial stund rundt bordet. Me hadde 10 øvingar i løpet av vårsemesteret og 9 øvingar i løpet av haustsemesteret.

I 2013 reiste me andre helga i april på turne til Stord og Bømlo. Der hadde me konsertar fredag og laurdag, og avslutta med ein flott konsert i Blomvåg kyrkje søndag. Dette var ein slik suksess at me legg ut på ny tur siste helga i mars 2014, og då går turen til Nærbø og Klepp med påfølgjande konsert i Blomvåg kyrkje søndag 30 mars. I mai var koret med på "Allsang på kaien". Dette var og ein stor suksess, me kosa, hadde stor songglede, og fekk mykje skryt både av arrangøren og tilhøyrarar. Hausten 2013 hadde med Family Night of Worship i Hjelme kyrkje i samarbeid med INRI, og Soul Children Gudsteneste i Blomvåg kyrkje der sokneprest Espen Tveiten var med oss. I desember song me på Rong senter, og julafta song me i Blomvåg kyrkje. Me har fått mykje gode tilbakemeldingar på opptrinna som me har hatt, og trivest med å opptre og syngja for andre. Me har allereie ein del planar klare for 2014, og utanom turen til Jæren i mars, skal me i september syngja på Kystmuseet i forbindelse med kommunen sitt 50 års jubileum, og på årsmøte til Hordaland søndagsskulelag.

Me har ikkje eit vald styre, men leiinga består av vaksenleiarane; Olaug Merete Rong, Gustav Landro, Åse May Solsvik Blom, Ranja Sjøstrøm, Hane Line Landro og Kate Solsvik.

Utgiftene me har hatt dette året har i hovudsak gått til noter, mat på øvingane, leige av lydutstyr og leige av gitarist til opptreden.

Me veit at det er svært viktig å ha gode kristne tilbod til born og unge i denne aldersgruppa, dei er i ei brytningstid, og er ei viktig gruppe å nå med evangeliet. Borna/ungdomane i Gospelteens har vorte godt kjent med kvarandre, og har knytta venskapsband til born frå andre skular, og vorte betre kjend med Jesus gjennom andakt og bønn. Me veit at det er viktig at borna og dei unge kjenner seg trygge i det kristne miljøet og har gode vener her. Det er lettare å bekjenne trua på Jesus når ein står saman i lag med vener. Vårt håp og vår bøn er at borna/ungdomane i Gospelteens skal verta kjent med Jesus, knytte gode venskap og verta bevart i trua på Jesus.

Me vil takka for den økonomiske støtta som me har fått i 2013, og håpar att kyrkjelyden og soknerådet ser verdien av å støtta dette viktige arbeidet også vidare.

11. Øygarden kyrkjelege fellesråd

Økonomi- og personalressursar rekneskapsåret 2013

Budsjett 2014

Ved kyrkjeverje Olav Martin Vik

Tabell 1. Hovudinntektene 2009-2013. Budsjetterte inntekter for 2014

	2009	2010	2011	2012	2013	note	B 2014
Overføring frå kommunen	4.590.000	4.370.000	4.750.000	4.300.000	4.710.000	1/2	4.500.000
Sjukelønsrefusjon	78.000	72.000	124.000	4.000	0		10.000
Renteinntekter	53.000	43.000	48.000	54.000	53.407	1	30.000
Festeavgifter	28.000	30.000	56.000	62.000	54.000	1	80.000
Betaling for stell av graver	35.000	80.000	24.000	86.000	51.500		30.000
Deltakaravgift leirar	67.000	95.000	100.000	154.000	150.500		156.000
Overføring frå soknerådet	15.000	16.000	0	34.500	150.000	1	150.000
Annonseinntekter ØyNytt	63.000	46.000	43.000	43.000	30.000		46.000
Kontingent ØyNytt	63.000	45.000	70.000	71.000	81.500		71.000
Sum alle inntekter	5.078.000	4.830.000	6.321.335	5.230.297	5.627.325		5.827.000

1. Inntekter som finansierer sjølve drifta
2. I 2005 som tabell 2 startar med, var overføringa frå kommunen på kr 4.406.000 + statleg tilskot på kr 89.000. I 2005 var dei totale inntektene på kr 5.442.499.

Tabell 2. Utgifter 2005-2013 inkl. vedlikehald og innkjøp. Budsjetterte utgifter for 2014



	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	Note	B 2014
Fellesutgifter	1.605	1.850	1.902	2.119	2.077	1.606	1.643	1.879	1.612	1	1.762.000
Kyrkjer	2.302	2.593	2.155	2.142	2.000	2.126	1.842	1.858	1.883	2	1.916.800
Kyrkjegardar	564	579	784	603	674	839	834	840	734		669.000
Andre føremål	631	774	844	847	825	771	975	1.300	1.301	3	1.378.000
Utgifter totalt	5.072	5.796	5.685	5.711	5.576	5.246	6.321	5.714	5.311		5.726.300

1. Fellesutgiftene har auka frå 2005 til 2013 med kr 7. I 2005 betalte ein husleige til kommunen, kr. 298.500.
2. Drift av kyrkjene: her ligg og diakonimedarbeidar og kontor, er frå 2005 til 2013 redusert med kr 419 000
3. Andre kyrkjelege føremål har frå 2005 til 2013 auka med kr 670 000. Her ligg barne- og ungdomskonsulenten, teamet, trusoppføringsmateriell, leirar og ØyNytt.

Tabell 3: Årsverk fast tilsett i Øygarden kyrkjelege fellesråd i 2013

Område	Personar	Heiltid	Deltid	Sum årsverk
Administrasjon, kyrkjer, kyrkjegardar,	6	4	2	5,20

- **Søylene til venstre** viser utgiftene si fordeling frå 2011 tom budsjett 2014 i heile 1000 kr. Under kyrkjer ligg kyrkjetenar, kontor og diakonimedarbeidar. Under anna arbeid ligg m.a .barne- og ungd.konsulenten, teamet og leirar. Felleskostnadar for heile verksemda ligg under fellesutgifter
- **Søylene til høgre** viser kommunalt tilskot til Øygarden kyrkjelege fellesråd (heile tusen)



12. Statistikkar 2013

Statistikken fortel om utviklinga frå 2006 og fram til 2013. Delar av statistikken vert rapportert til SSB.

Type	Kyrkje	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Totalt i denne kolumna gjeld 2013									
Utdeling av 4 årsbok i kyrkja Frammøte i kyrkja av kullet	Blomvåg							25 av 42	21 av 46
	Hjelme							5 av 10	5 av 7
Utdeling av 5-årsbibel i kyrkja Frammøte i kyrkja av kullet	Blomvåg							29 av 41	21 av 43
	Hjelme							5 av 6	5 av 7
Utdeling av bibel til 5 klassingane Enten i kyrkja eller på skulen	Øygarden								Alle
Døyppte Tala i parentes er born tilhøyrande i soknet	Blomvåg	32	41	41	34	19	34	27(31)	34 (29)
	Hjelme	7	10	15	9	27	17	4(16)	18 (8)
Konfirmantar Totalt 54	Blomvåg	48	48	45	46	0	37	40	39
	Hjelme	15	15	10	13	59	14	10	15
Vigde Totalt 12 vigslar	Blomvåg	6	7	5	10	2	17	9	11
	Hjelme	1	0	1	5	7	3	1	1
Gravlagde Totalt 28 jordpåkastingar	Blomvåg	33	21	16	26	8	19	38	20
	Hjelme	14	16	15	10	31	13	18	8
Innmelde Totalt: 2	Blomvåg	0	1	0	1	1	2	1	0
	Hjelme	0	2	0	0	0	0	0	2
Utmelde Totalt: 0	Blomvåg	6	8	3	5	1	4	4	0
	Hjelme	0	1	2	0	4	0	0	0
Gudstenester søn-og helgedagar	Øygarden	64	62	69	63	59	62	65	66
Andre gudstenester	Øygarden	16	11	12	17	17	17	11	16
Nattverdgdudstenester	Øygarden	51	41	41	38	36	39	42	44
Gudstenestedeltaking	Blomvåg	5262	4974	5386	5009	2990	4352	4999	5610
	Hjelme	3506	3190	2825	2751	4058	2966	3100	3353
Gudstenestedeltaking gjennomsnitt	Øygarden	110	112	101	97		92	106	109
Nattverdgjester	Blomvåg	1167	1053	970	931	645	957	948	1448
	Hjelme	960	689	626	667	894	550	850	747
Offer og gåver i 2013 Totalt kr 247 383 I 2013 gjekk omtrent alle offer til eige arbeid. Kr 228 446. Det kom i tillegg inn kr 46 800 i direkte gåver utanom offera.	Blomvåg	101236	101100	94028	101369	88645	106702	98170	127 757
	Til eige arbeid	35345	20516	27092	23325	18139	23483	24351	119 626
	Hjelme	88041	83702	82028	83376	87803	97172	100992	100 689
	Til eige arbeid	23821	24564	19339	20112	25242	20593	21033	93 833

I tillegg kjem alt barne- og ungdomsarbeid, inklusive leirar.

13. Fast givarteneste er viktig for å driva m.a. leirarbeidet ved Olav Martin Vik



Den norske kyrkja i Øygarden

Givarteneste

Den norske kyrkja i Øygarden har for 2014 budsjettert med **kr 120 000 i gåver** til eige arbeid utanom offer i kyrkjene.

Skal arbeidet haldast oppe og særleg det store barne- og ungdomsarbeidet er ein avhengig av innsamla midlar/gåver. I dette arbeidet er Teamet og barne- og ungdomskonsulenten viktige ressursar.

Også i 2013 er leirane populære. Over 200 born og unge har vore på leir når året er omme. Dette er berre eit av mange døme på arbeidet som vert drive.

Gåvene til eige arbeid vert kanalisert inn i barne-ungdomsarbeidet (trusopplæringsarbeidet). For 2014 er lønskostnaden med dette arbeidet kalkulert til kr 780 000 (barne- og ungdomskonsulenten og Teamet).
Takk for di gåve!

Du kan gi på denne måten:


- **Fast overføring i nettbanken som du ordnar sjølv.**
- Ynskjer du skattefrådrag på gåvene må du ta kontakt med kyrkjekontoret, tlf. 56382240.
- **Overføring gjennom nettbanken utan skattefrådrag.**
- **Offer til kyrkjelydsarbeidet i kyrkjene.**

**Kontonummeret er:
3628 55 90870
Øygarden sokneråd**

Har du spørsmål, ta kontakt med oss.

Den norske kyrkja i Øygarden

Øygarden sokneråd
Tlf. 56 38 22 40
www.kyrkja.net
kontor@kyrkja.net

 /kyrkjaioygarden



Skjergardsheimen er ein viktig samarbeidspartnar når det gjeld leirar

ved kyrkjevevje Olav Martin Vik



Om leirar og aktivitetar utanfor kommunen

- 208 born og unge frå Øygarden var på leir i 2013, på Skjergardsheimen som ligg i Øygarden.
- 20 ungdomar frå Øygarden reiste på UL i 2013 i Kongeparken utanfor Stavanger (Sommarstemne for ungdom)
- 20 av 70 ungdomar på NLM sin nyårsleir 13/14 i Sætervika kom frå Øygarden
- 50 konfirmantar frå Øygarden var på leir i Sætervika i 2013.

Mange frivillige, vaksne og unge, stiller opp som frivillige medarbeidarar på leirane.

Notat